

|

Handlingsplan 2026

- oppfølging av

Bygdevekstavtale for Vest-Telemark

**Fyresdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune,
Seljord kommune, Tokke kommune og Vinje kommune**

1. Introduksjon

Kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje og Telemark fylkeskommune har inngått bygdevekstavtale med staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet om å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i avtalekommunane. Avtala vart signert av partane 02.06.2025 og gjeld i perioden 2025-2028.

Avtala inkluderer tre delmål for Vest-Telemarkpiloten:

1. Fleire eigna bustader i Vest-Telemark
2. Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor
3. Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Måla i bygdevekstavtala krev koordinert innsats frå fleire sektorar. På nokre område er det primært aktuelt med eit pilot-stat-samarbeid, på andre er det aktuelt å samarbeide med fleire aktørar. For kvart delmål skal samarbeidspartane bli samde om konkrete tiltak i årlege handlingsplanar og bli samde om å invitere andre partar inn i arbeidet. Bygdevekstavtala er eit utviklingsarbeid som blant anna skal bidra til innovasjon og nytenking. Avtala skal vera eit supplement til det ordinære arbeidet i kommunane, og tiltak skal konkretiserast i samanheng med annan innsats i avtalekommunane. KDD vil utforme ein mal for sluttevaluering i dialog med avtalekommunane og namngjevne samarbeidspartar i avtalene.

2. Rammer for handlingsplanen

Handlingsplanen gjer greie for tiltak og aktivitetar i avtaleperioden. Tabellen under pkt. 7 gjev oversikt over finansiering av tiltaka. Samarbeidspartane kan bli samde om å prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden. Handlingsplanen viser også planlagt vekting av innsats i løpet av avtaleperioden.

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtala, og skal vera fastsett mellom samarbeidspartane under det enkelte delmål. Midlar til statleg medfinansiering vart løyvd frå Stortinget, men kan overførast til seinare år og skal dekke heile avtaleperioden. For kriterium for bruk av statlege midlar blir det vist til brev sendt 07.01.2025.

Statsbudsjettet for 2026 vart lagt fram 15. okt. 2025. Arbeidet med bygdevekstarbeidet er foreslått vidareført i 2026 der det vart sett av 1 mill. kroner til prosjektleiing for Vest-Telemarkpiloten. Totalt vart det vedteke å løyve 74 mill. kroner til ordninga i 2026. Regjeringa legg opp til å vidareføre tilsvarande løyving ut avtaleperioden. Løyvinga vil delast mellom dei ti pilotane, og til samarbeidsaktørar. I samsvar med planen skal Vest-Telemark få tilført midlar til konkrete tiltak i 2027, men dette er avhengig av regjeringa sine prioriteringar og stortinget sitt budsjettvedtak.

Handlingsplanen blir oppdatert og godkjent årleg av KDD som grunnlag for utbetaling. Ved oppdatering skal det gjerast greie for:

1. Nye tiltak (med og utan statlege midlar) og eventuelt andre relevante tiltak som bør sjåast i samanheng.
2. Endring av eksisterande tiltak, og kva som er grunngevinga for endringane.
3. Avslutta tiltak, men ei kort vurdering av kva tiltaket har bidrege til.

For *Telemark fylkeskommune* er innsatsen for bygdevekstavgifta forankra i Telemarksplanen (regional planstrategi RPS), og blir vidare kopla mot andre planar og strategiar når desse blir rullert. Innsatsen bør rettast, og koordinerast, mot verkemidla knytt til programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Dette gjeld særleg kap. 553 post 60 og 65.

Kommunane Nissedal og Kviteseid er omstillingskommunar (post 65) og har i sine omstillingsplanar satsingar som er delvis samanhengande med bygdevekstavgifta. Post 60 *kompetanse og arbeidskraft i distrikta* har Telemark fylkeskommune gjort fordeling av midlane som koplar til bygdevekstavgifta.

Telemark fylkeskommune er i gang med gjennomgang av tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring i 2025 som skal politisk handsamast våren 2026.-Fylkestinget har gjort vedtak der bygdevekstavgifta skal bidra i arbeidet for å sjå på Vest-Telemark vidaregåande skule si rolle som regional utviklingsaktør.

Bygdevekstavgifta har i Telemark fylkeskommune blitt handsama og forankra i yrkesopplæringsnemnda, hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse, hovudutval for næring, industri og klima og i fylkestinget.

3. Handlingsplan 2026 per delmål

Piloten har lagt vekt på delmål 1) *Fleire eigna bustader i Vest-Telemark* med 60 % og dei to andre delmåla med 20 % kvar. Styringsgruppa jobbar framleis med å finne ein god form på arbeidet med delmål 2. Arbeidet skjer i dialog med Distriktsenteret og regionale referansegrupper, mellom anna næringskollegiet og landbruksforvaltninga i Vest-Telemark.

Prioriteringar 2026

Delmål 1: Fleire eigna bustader i Vest-Telemark

Dette delmålet heng på mange måtar saman med utfordringsbildet i alle kommunane. Kommunane har mål om vekst og tilflytting, noko som gjer at det er stort behov for dette delmålet. Alle kommunane har eit planverk som må passe saman med arbeidet i dette delmålet. Forankring av arbeidet i både overordna planar og anna planverk vil vera viktig, og

kommunane sine vedtekne planstrategiar for perioden blir lagt til grunn for arbeidet. Kommunane er på ulike stadar i prosessen når planane skal rullerast (kommuneplanens arealdel, samfunnsdelen av kommuneplanen), og dei bør prioritere å få inn arbeidet med bygdevekst i dei overordna planane når desse skal rullerast.

Hovudmål:

Styrke berekraftig bustadutvikling i distrikta gjennom felles tiltak og samarbeid.

Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærare omtale under). Tiltak i *grå skrift*, blir prioritert seinare i perioden.

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	Samarbeid om innsiktsarbeid og kartlegging for bustadstrategi	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Telemark fylkeskommune, Husbanken, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Distriktssenteret, Fortidsminneforeningen, Riksantikvaren	2025-2028
2	Risikoreduserande tiltak ved bustadbygging	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Husbanken, lokale eigedomsmeklarar m.fl.	2026-2028
3	«Gøtt nøkk» - Utvikling av varierte og kostnadseffektive buformer tilpassa distriktsmarknaden	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Husbanken, private utbyggjarar, lokale tradisjonshandverkarar m.fl.	2026-2028
4	”Kompetansesirkel”	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Husbanken, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Distriktssenteret	2025-2028
5	Vandrande bygdevekstseminar	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Husbanken, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	2026
6	«Interkommunal bustadutviklar»	Pilotkommunane, prosjektleiar og Vest-Telemarkrådet	Husbanken, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	Mogleg å følge opp ved neste rulling

Tabell 1

Tiltak 1:

Samarbeid om innsiktsarbeid og kartlegging for bustadstrategi

Utfordring:

Kommunane i regionen står overfor ulike bustadpolitiske utfordringar, som aldrande

bustadmasse, låg sirkulasjon i bustadmarknaden og manglande attraktivitet i sentrumsnære område. Samtidig manglar fleire kommunar eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag som grunnlag for prioriteringar og målretta tiltak.

Det er viktig å vere merksam på at lite fungerande leigemarknader og manglande tilbod om gode leigebustader generelt er ei stor utfordring i distrikta. Utleigemarknaden i Vest-Telemark imøtekjem ikkje dagens behovet.

Skildring av tiltaket

Dei seks kommunane i samarbeid med fylkeskommunen går saman om å utvikle eit felles rammeverk og metodikk for innsiktsarbeid, med rom for lokal tilpassing. Kvar kommune definerer sjølv kva for type innsikt dei ønskjer å innhente og fordjupe seg i, til dømes:

- Kartlegging av bu- og bustadpreferansar hjå ulike målgrupper (eldre, unge, barnefamiliar, mellombelse arbeidstakarar) og kvar det er attraktivt å bu. Medverknad frå lokalt næringsliv, lokale innbyggjarar og potensielle tilflyttarar er aktuelt å gjennomføre.
- Kartlegging av sentrumsnære tomter eller næringsbygg med potensial for utvikling til bustadføre mål.
- Identifisering av omfang og årsaker til at eksisterande bustadar står tome, ubrukte eller forfell.
- Skaffe betre oversikt over det kommunen allereie tilbyr, og styrkje kunnskapen om kommunen si rolle, eigne verkemiddel og moglegheitene innanfor det lokale handlingsrommet.

Samarbeidet legg til rette for kompetansedeling, felles innkjøp av fagleg bistand og samordna gjennomføring. På denne måten blir arbeidet meir kostnads- og tidseffektivt, samtidig som kvar kommune får eigarskap til eige datagrunnlag. Kommunane kan sjølv vurdere behov for kva dei bør kartlegge.

Mål med innsiktsarbeidet:

- Styrke kunnskapsgrunnlaget for bustadpolitiske prioriteringar i kvar kommune ved å gje eit heilskapleg bilde av bustadbehov og bupreferansar.
- Gjere det mogleg å samanlikne innsikt og identifisere felles utfordringar på tvers av kommunegrenser og skape grunnlag for vidare samarbeid og mogleg samordning av verkemiddel.
- Gje betre grunnlag for arealprioriteringar og val av bustadtypar.
- Gje kunnskap for å vurdere tiltak som kan auke sirkulasjonen i bustadmarknaden og bidra til meir målretta og treffsikre bustadpolitiske tiltak. Det kan for eksempel vidare vera aktuelt å sjå nærmare på tiltak som “katalyserer” meir rehabilitering/restaurering og ombygging av hus frå 1960,-70 og -80-talet.

Første steg

1. Innhenting/utarbeiding av kunnskapsgrunnlag. Telemark fylkeskommune er, og har i 2025, vore ein viktig medspelar. Resultatet av folkehelseundersøkinga er venta å bli publisert i 1. halvår 2026. Det same gjeld bustadbehovsanalyse.

2. Omarbeiding av kunnskap og grunnlag for tiltak

Opprette ei arbeidsgruppe med representantar frå alle kommunane og fylkeskommunen. Grappa skal definere rammene for innsiktsarbeidet og bestille nødvendig fagkompetanse. Arbeidet er i gang hausten 2025. Styringsgruppa ventar på innspel frå arbeidsgruppa i løpet av 1. halvår 2026.

Kven bidreg – og korleis?

- Kommunane er prosjekteigarar og definerer egne innsatsområde innanfor felles rammeverk.
- Arbeidsgruppa sikrar koordinering, metodeutvikling og kompetansedeling.
- Fylkeskommunen bidreg med data, statistiske framskrivingar og rådgjeving.
- Husbanken bidreg med fagleg kompetanse og erfaringar.
- Distriktssenteret kan bidra med innspel til undersøkingsopplegg og medverknad, dele kunnskap og praksis frå gjennomføring og oppfølging av bustadanalysar og anna innsiktsarbeid.
- Distriktssenteret kan evt. ta ei rolle i å dele erfaringar/bidra til å kople til andre kommunar som jobbar med transformasjon og ny bruk av eksisterande bustad- og bygningsmasse.
- Medverknad frå lokalbefolkning, næringsliv og tilflyttarar gir verdifull innsikt.
- Fortidsminneforeningen og Riksantikvaren sit på mykje kunnskap om bygningar. Det er aktuelt å samarbeide med desse, jf prosjektet «Ljos i gamle hus» der Vinje kommune er ein pilot.

Vidare planlegging

Arbeidsgruppa utarbeider ein framdriftsplan med oppstart, milepælar og avslutning. Planen skal også innehalde oversikt over finansiering fordelt på aktivitetar, inkludert tilskotsordningar og eigeninnsats frå kommunane. Husbanken har tidlegare gjeve tilskot til liknande.

Tiltak 2 Risikoreduserande tiltak ved bustadbygging

Utfordring

Utfordringa er at ein svak bustadmarknad fører til låge salsprisar samanlikna med byggekostnader. Dette gjer at tilflyttarar vegrar seg for å byggje, og bankane blir meir forsiktige med utlån.

Generelt er det mangel på sentrale hus og leilegheiter av god kvalitet i mange tettstader i Vest-Telemark, og dette er ei utfordring ved rekruttering av fagfolk til både offentleg og privat sektor. Problemstillinga heng tett saman med delmål 2 (fleire arbeidsplassar i privat sektor) og delmål 3 (meir kompetanse innan helse og oppvekst) då tilgang på relevant arbeidskraft er ein føresetnad for både privat verdiskaping og berekraftig velferdstenester. Det er låg byggjeaktivitet i regionen samtidig som det er behov for ulike typar bustader for ulike livsfasar.

Aktuell utprøving

Vest-Telemark-kommunane ynskjer å prøve ut økonomiske verkemiddel som kan redusere risiko og utløyse fleire bustadprosjekt, tilpassa situasjonen i kommunar med låg utbyggingsaktivitet og ein krevjande bustadmarknad.

På systemnivå er momskompensasjon eitt av dei mest sentrale og synlege verkemidla som kan vurderast for å stimulere bustadbygging i distrikta. Dette er eit politisk spørsmål, men potensielt svært effektivt. I den nye bustadmeldinga blir det vist til at Husbanken på 1970-talet hadde ordningar med momskompensasjon, få år etter innføringa av meirverdiavgift i 1967.

Samtidig viser erfaringar at kommunane nyttar Husbanken sine økonomiske verkemiddel på ulike måtar, og har varierende økonomisk handlingsrom til å teste ut nye løysingar. Det er difor behov for meir kunnskap om korleis desse verkemidla kan brukast meir målretta – for å støtte førstegangsetablering, mobilitet og sirkulasjon i den lokale bustadmarknaden. Det kan òg vera aktuelt å teste ut risikoreduserande tiltak innanfor eksisterande rammeverk. Husbanken har signalisert at dei kan bidra med fagleg rettleiing i arbeidet med å synleggjere og utnytte det handlingsrommet som allereie finst i deira ordningar. Følgjande ordningar er særleg aktuelle:

- **Startlån** – for førstegangsetablerarar, eldre, arbeidstakarar og andre prioriterte grupper
 - **Lån til utleigebustader for vanskelegstilte**
 - **Investeringsstilskott** – til omsorgsbustader og sjukeheimar
 - **Tilskot til energitiltak** – i utleigebustader, sjukeheimar og omsorgsbustader
 - **Rentekompensasjon** – for investeringar i skulebygg
 - **Lån til boligkvalitet – Livsløp, miljø eller oppgradering**
- Merk: Husbanken kan ikkje inngå som direkte part i tiltak som er mva-kompensasjons-utløyysande, men kan bidra der det er relevant i samsvar med Husbanken sitt mandat.*

Skildring av tiltak

Det er behov for betre oversikt over eksisterande økonomiske verkemiddel i bustadpolitikken, og korleis desse fungerer i praksis. Første steg er å kartleggje kva for ordningar som er nytta i kommunane, vurdere treffsikkerheit og målgrupper, og sjå desse i samband med andre tiltak i handlingsplanen.

Spørsmål ein ynskjer å få svar på:

- Kva for økonomiske verkemiddel har vore prøvd ut i dei ulike kommunane?
- Treffer desse verkemidla målgruppene som er tiltenkte?
- Korleis brukar kommunane dei eksisterande låne- og tilskotsordningane frå husbanken?
- Kva for nye og innovative ordningar kan vera aktuelle å greie ut, og har desse overføringsverdi til andre distriktskommunar?

Kven bidreg – og korleis?

Prosjektet startar om mogleg opp i 2026, med mål om å ferdigstille eit utkast til rammeverk i 2027.

Elles bidreg andre statlege aktørar, Husbanken, kommunalt tilsette på bustad/plan, private entreprenørar, bankar, eigedomsmeklar i regionen, utbyggjarar m.fl.

Det andre distriktskommunar har gjort, vil bli vurdert og teke omsyn til.

Tiltak 3: «Gøtt nøkk» - Utvikling av varierte og kostnadseffektive buformer tilpassa distriktsmarknaden

Tiltak 3 ('Gøtt nøkk') blir vidareført i endra form etter avklaring frå KDD, då KDD har avklart at fråvik frå TEK17 ikkje er mogleg.

Utfordring

I distrikta er det ofte kostbart å utvikle nye bustader som kan konkurrere med eksisterande marknadsprisar. Samstundes er bustadtilbodet prega av låg variasjon, med ein dominerande andel einebustader og få alternative buformer. Dette avgrensar valmoglegheitene for ulike målgrupper og livsfasar, og bidreg til låg rotasjon i bustadmarknaden.

For både private utbyggjarar og privatpersonar inneber dette høg økonomisk risiko ved nybygging. Krava i byggt teknisk forskrift (TEK17), særleg knytt til isolasjon, energieffektivitet og tekniske løysingar, blir ofte opplevde som krevjande og kostnadsdrivande. Samla sett gjer dette det utfordrande å utvikle bustader som er både attraktive, kostnadseffektive og tilpassa behova i distriktsmarknaden.

Skildring av tiltaket

Tiltaket tek sikte på å utvikle og teste ein bustadpilot med mål om å skape større variasjon i bustadtilbodet og samtidig redusere byggekostnader og risiko. Piloten skal utforske ulike buformer og bustadtypologiar – frå små til mellomstore bustader – som kan supplere eksisterande bustadmasse og møte behova til ulike målgrupper.

Arbeidet skal ikkje vere avgrensa til éin bestemt bustadtype, men undersøkje korleis ulike prinsipp innan modulbasert bygging, meir tradisjonell bygging og lokal byggjeskikk kan kombinerast. Målet er å identifisere løysingar som er kostnadseffektive, areal- og ressurseffektive og som let seg realisere innanfor gjeldande regelverk.

Tiltaket skal òg utforske korleis planlegging, organisering og gjennomføring av bustadprosjekt kan gjerast meir effektiv, mellom anna gjennom nye samarbeidsformer, betre prosessdesign og tidleg involvering av relevante fagmiljø. Erfaringane frå pilotarbeidet skal bidra til kunnskapsutvikling og danne grunnlag for vidare strategisk bustadarbeid i distrikta.

Utviklingsområde for piloten

Utforske nye og meir varierte buformer som kan supplere eksisterande bustadtilbod i distrikta.

Undersøkje korleis kostnadseffektive plan- og byggjeløysingar kan utviklast innanfor gjeldande TEK-krav.

Sjå på kombinasjonar av modulbaserte løysingar, tradisjonell bygging og lokal byggjeskikk. Vurdere korleis bustader kan organiserast i mindre fellesskap eller tunløysingar for å styrkje sosiale kvalitetar og effektiv arealbruk.

Utforske korleis statlege verkemiddel, mellom anna økonomiske verkemiddel frå Husbanken, kan nyttast i vidareføring og skalering av pilotarbeidet.

Det er viktig å kople på relevante fag- og utviklingsmiljø innan arkitektur, bustadutvikling, bygg og design, og å hente inn ekstern utviklingskompetanse for å sikre kvalitet, innovasjon og breidde i løysingsrommet.

Moglege målgrupper

- Eldre som ønskjer ei meir oversiktleg og tilpassa bustadløyising.
- Unge og førstegongsetablerarar i bustadmarknaden.
- Hushald for einslege og små familiar.
- Mellombelse arbeidstakarar, til dømes gjennom kommunal eller privat utleige.

Første steg

Konkretisere pilotprosjektet, avklare ambisjonsnivå og etablere samarbeid mellom aktuelle kommunar, utbyggjarar og fagmiljø. Deretter kan det gjennomførast ei utlysing eller konkurranse for å hente inn ekstern utviklingskompetanse innan arkitektur, bygg, design og innovasjon.

Kven bidreg – og korleis?

Prosjekteigar: Samarbeid mellom ein eller fleire kommunar og private utbyggjarar.

DOGA (Design og arkitektur Norge): Kan vere ein sentral samarbeidspartnar med kompetanse innan designmetodikk, innovasjonsprosessar, arkitektur og berekraft. DOGA kan bidra til å strukturere utviklingsløpet, kople på relevante fagmiljø og styrkje kvaliteten i utforming av nye bustadkonsept og buformer.

Ekstern utviklingskompetanse: Det kan hentast inn ekstern kompetanse innan bustadutvikling, arkitektur, bygg, design og innovasjon ved behov.

Husbanken: Kan bidra med erfaringar frå relevante pilotar og vere aktuell som støtteordning i vidare utvikling.

Lokale tradisjonshandverkarar: Bør koplast på for å ta vare på lokal byggjekompetanse og utforske korleis denne kan nyttast i nye bustadløyisingar.

Distriktssenteret: Kan eventuelt bidra til å dele erfaringar og kople prosjektet mot liknande initiativ i andre distriktsområde.

Tiltak 4

«Kompetansesirkel»

Kompetanseheving internt i kommunane knytt til plan.

Utfordring

For små kommunar med avgrensa ressursar i planavdelingane, kan det vera krevjande og tidkrevjande å handtere enkeltsaker opp mot Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Dialogen mellom forvaltningsnivåa skjer ofte sak for sak, og gir lite rom for overordna og strategisk drøfting av felles utfordringar og behov.

Skildring av tiltaket

Det skal etablerast ei arbeidsgruppe (gjerne knytt til same konstellasjon som arbeider med kartleggingar og/eller bustadbehovsanalyse), med ansvar for å gjennomføre ein meir strategisk og koordinert dialog med regionale og statlege aktørar som Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Distriktssenteret, andre bygdevekstpilotar og Husbanken.

Føremålet med dialogen er todelt:

Med Statsforvaltaren og fylkeskommunen:

- Løfte fram generelle utfordringar knytt til planarbeid i små kommunar.
- Få innsikt i eksisterande verktøy og verkemiddel som kan gjere saksbehandling enklare og meir effektivt, eller drøfte behovet for nye.
- Utforske moglegheitene for meir strukturert samhandling om planfaglege tema på tvers av kommunar og forvaltningsnivå.

Med Husbanken:

- Kartleggje korleis kommunane i dag nyttar statlege tilskot og støtteordningar.
- Dele erfaringar frå kommunar som har testa ut eigne tilskotsordningar og modellar.
- Vurdere moglegheiter for justeringar eller nye tiltak basert på lokale behov og dynamikken i bustadmarknaden, og kople dette til andre prosjekt i bygdevekstsatsinga.

Første steg

Setje saman ei arbeidsgruppe med relevant fagkompetanse frå alle kommunane som deltek i samarbeidet.

Kven bidreg – og korleis?

Prosjekteigar: Ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar kommune.

Husbanken: Har ei sentral rolle i å bidra med kompetanse og drøfte løysingar, og sit på data knytt til bruk av dei økonomiske verkemidla dei forvaltar.

Fylkeskommunen og Statsforvaltaren: Viktige bidragsytarar med kompetanse på eksisterande verkemiddel og verktøy, og i dialog om løysingsforslag.

Distriktssenteret kan bidra med å dele erfaringar og kunnskap frå m.a. distriktskommune 3.0, enkel planlegging, rettleiingspilot, «Tett på»-samarbeidet i Møre og Romsdal.

Tiltak 5: Vandrande bygdevekstseminar

Det vil bli arrangert eit årleg felles bygdevekstseminar i Vest-Telemark.

Tiltak 6: «Interkommunal bustadutviklar»

Dette er eit uferdig tiltak, men kan vera eit tema på tvers av delmåla.

Tiltaket blir vurdert ved neste rulling.

Delmål 2: Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor?

Styringsgruppa jobbar med å finne ein god form på arbeidet med delmål 2. Arbeidet skjer i dialog med Distriktssenteret og regionale referansegrupper, mellom anna næringskollegiet og landbruksforvaltninga i Vest-Telemark.

Hovudmål

Styrke kommunane si rolle som nærings- og samfunnsutviklar og skape fleire berekraftige arbeidsplassar og sikre eksisterande arbeidsplassar i privat sektor.

Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærmare omtale under). Tiltak i grå skrift, blir prioritert seinare i perioden.

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	SMB-utvikling (små og mellomstore bedrifter)	Vest-Telemarkrådet, næringssjefane i avtalekommunane, Telemark fylkeskommune	Telemark næringshage, Distriktssenteret, Innovasjon Norge, NHO, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark	2026-2028
2	Verkemiddelapparatet – synleggjere moglegheitene	Vest-Telemarkrådet, næringssjefane i avtalekommunane,	Telemark næringshage, Distriktssenteret,	2026-2028

		Telemark fylkeskommune	Innovasjon Norge, NHO, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark	
3	Nettverks- og klyngeutvikling innan bygg og anlegg	Vest-Telemarkrådet, næringssjefane i avtalekommunane, Telemark fylkeskommune	Telemark næringshage Innovasjon Norge, NHO, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark	2027-2028
4	Grøn region Vest-Telemark	Vest-Telemarkrådet, næringssjefane i avtalekommunane, landbruksforvaltinga i kommunane, Telemark fylkeskommune	Telemark næringshage Innovasjon Norge, NHO, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark	2026-2028

Tabell 2

Tiltak 1

SMB-utvikling (små og mellomstore bedrifter)

Ta i bruk verktøyet SMB-utvikling

Utfordring

Det er behov for målretta innsats for å styrke og vidareutvikle eksisterande næringsliv og stimulere til nyetableringar. Dette kan til dømes vera forsterka gründersatsing, målretta oppfølging av eksisterande bedrifter, etablering av avdelingskontor for større bedrifter med hovudkontor i større byar, rekruttering, utprøving av nye verkemiddel, attraktive kontorfellesskap og næringshagar og vidareføring av eksisterande satsingar i eigenregi.

Skildring av tiltaket

Det finst ein del eksisterande verkemiddel som kan takast i bruk for å skape sterkare vekst i små- og mellomstore bedrifter i regionen. Eit nærliggande alternativ er å ta i bruk eit velkjent verktøy frå regional omstilling, nemleg SMB-utvikling.

Første steg

- Kartlegge interesse blant næringsaktørar i regionen
- Utforme ein konkret modell for oppstart i pilotkommunar i 2026

Kven bidreg – og korleis?

Næringssjefane i pilotkommunane, lokale næringslag, bankar, Innovasjon Norge, verkemiddelapparatet, Telemark næringshage, Vest-Telemark næringsforum, Distriktssenteret m.fl.

Tiltak 2

Verkemiddelapparatet – synleggjere moglegheitene

Utfordring

Mange småbedrifter i Vest-Telemark opplever verkemiddelapparatet som fragmentert og lite tilgjengeleg. Det finst ei rekkje støtteordningar og utviklingsprogram, men oversikta kan vera utydeleg og krevje mykje innsikt. For å sikre betre utnytting av desse verkemidla, er det behov for meir tilgjengeleg informasjon – både for næringsaktørar og for kommunalt tilsette som skal rettleie lokalt næringsliv.

Tiltak

Det skal utviklast ei digital og brukarvennleg oversikt over relevante støtteordningar, tilpassa behova i Vest-Telemark. Oversikta skal innehalde:

- Informasjon om verkemiddel lokalt, regionalt og nasjonalt
- Klare kriterium, søknadsprosessar og praktiske døme
- Kontaktinfo og rettleiing til relevante aktørar
- Tyding av fagomgrep og døme på god praksis

Løysinga vil ta utgangspunkt i eksisterande arbeid, som t.d. Innovasjon Norge sitt arbeid med «Ei dør inn». Det er etablert tett kontakt med Innovasjon Norge.

Første steg

- Kartlegge behov og eksisterande ressursar
- Etablere arbeidsgruppe
- Forankre og samordne innsatsen i samarbeid med fylkeskommunen

Medverkande

Kommunane ved næringssjefane, Telemark fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, Telemark næringshage, Etablerartenesta i Vest-Telemark, Distriktssenteret og Husbanken (fagleg innspel og ressursar).

Tiltak 3

Nettverks- og klyngeutvikling innan bygg og anlegg

Utfordring

Bygg- og anleggsnæringa i Vest-Telemark består av mange små og mellomstore aktørar, som kvar for seg kan ha avgrensa kapasitet til å ta på seg større oppdrag eller satse på nyutvikling. Ved å styrke samarbeid gjennom nettverk og klynger kan ein auke konkurransekrafta og opne for nye moglegheiter for vekst og innovasjon. Det ligg betydelege gevinstar i å vidareutvikle slike strukturar, både i og utanfor regionen.

Skildring av tiltaket

Bygdevektstavtala vil leggje til rette for etablering av eit regionalt nettverk innan bygg- og anlegg. Målet er å styrke samarbeid, innovasjon og utviklingsevne i næringa gjennom ein

strukturert, fasedelt prosess. Tiltaket omfattar kartlegging av behov, etablering av møteplassar, kompetansesamarbeid og felles marknadsarbeid. Det skal utforskast relevante finansieringskjelder og profileringsstrategiar. Modellen kan også nyttast for nettverksbygging i andre næringar.

Første steg

- Vurdere interessa i næringa og behovet for eit organisert samarbeid.
- Kartlegge aktørar og relevante tema for første samlingar.
- Forankre initiativet i bygdevekstavgift og sikre ressursar for oppstart.

Kven bidreg – og korleis?

Pilotkommunane, Telemark fylkeskommune, Distriktsenteret, Telemark Næringshage, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark, Innovasjon Norge, NHO, LO m.fl.

Tiltak 4

Grøn region Vest-Telemark - samspel med landbruksprosjektet «*God agronomi i det grønne skiftet*»

Utfordring

Det grønne skiftet krev målretta omstilling i næringslivet, men distriktskommunar som i Vest-Telemark har avgrensa kapasitet til å utvikle og følgje opp nye grønne satsingar. Manglande utviklingsressursar, koordinering og gjennomføringskraft gjer at lokale ressursar innan jordbruk, skogbruk og bioressursar i liten grad blir omsette til lønsam og varig lokal verdiskaping.

Skildring av tiltaket

Vest-Telemark har gode føresetnader for å utvikle grøn næring basert på tilgang til fornybar energi og store bioressursar. Tiltaket *Grøn region Vest-Telemark* skal kartleggje relevante moglegheiter innan bioøkonomi og grøn industri og peike ut konkrete satsingar for vidare utvikling. Arbeidet omfattar særleg bruk av restråstoff frå skog- og landbruk, produksjon av biobrensel og dyrefôr, og vurdering av industriell symbiose, samt moglegheiter knytt til nasjonale satsingar som det grønne industriløftet.

Målet er å avklare dei mest aktuelle satsingsområda og kva støtteordningar og rammevilkår som kan nyttast for vidare pilotering. Tiltaket skal òg ta omsyn til føringar frå EØS-samarbeidet, som påverkar offentlege anbod, finansiering og krav til berekraft. Tiltaket skal vidare styrkje utviklinga av Vest-Telemark som grøn region gjennom å kople strategisk næringsutvikling i bygdevekstprosjektet med praktisk gjennomføring i landbruksprosjektet *God agronomi i det grønne skiftet*. Gjennom betre koordinering og målretta rådgjeving til landbruket skal lokale ressursar utviklast til lønsam drift, med mål om

å styrkje eksisterande arbeidsplassar, utvikle nye kombinasjonsarbeidsplassar og fagtenester, og auke rekrutteringa til regionen.

Første steg

Tiltaket skal bidra til at landbruket blir ein aktiv del av det grønne næringskiftet i Vest-Telemark. Innanfor ramma av Tiltak 4 kan bygdevekstmidlar nyttast til å dekkje delar av koordinering, utgreiingsarbeid og gjennomføringsaktivitetar i landbruksprosjektet, der desse bidreg direkte til måloppnåing i bygdevekstprosjektet.

- Avklare samspel og grenseflater mellom bygdevekstprosjektet og landbruksprosjektet
- Definere konkrete aktivitetar i landbruksprosjektet som også bidreg til mål i Tiltak 4 (t.d. rådgjeving om beitebruk, ressursutnytting, produksjonsstyring)
- Gjennomføre ei enkel moglegheitskartlegging basert på innsiktene frå deltakarane i landbruksprosjektet og rådgjevinga

Kven bidreg – og korleis?

Aktuelle samarbeidspartnarar: Innovasjon Norge, Telemark fylkeskommune, Telemark Næringshage, aktuell rådgjevingsteneste i landbruket m.fl.

Delmål 3: Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Hovudmål: Sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft i helse og oppvekst gjennom samarbeid, utdanning, rekruttering og betre tiltak for å halde på eksisterande arbeidskraft.

Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærmare omtale under). Tiltak i *grå skrift*, blir prioritert seinare i perioden.

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	Synleggjing av karrieremoglegheiter innan helse, omsorg og oppvekst	Vest-Telemarkrådet, pilotkommunane, Telemark fylkeskommune	Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, NAV Vest-Telemark, Vest-Telemark vgs, Sjukehuset Telemark HF, Opplæringskontoret i offentlig sektor, fagorganisasjonar, USN, KS, Kompetansenettverket m.fl.	2025-2028
2	Utvikle tilpassa kompetanseløp for flyktningar og arbeidsinnvandrarar	Vest-Telemarkrådet, pilotkommunane, Telemark fylkeskommune	Kommunalsjefar for helse og oppvekst, USN, NAV, NHO, IMDi, UDIR, fagforeningar, KS, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, næringsliv, frivillige organisasjonar	2025-2028

3	Fagutviklingstillingar	Vest-Telemarkrådet, pilotkommunane, Telemark fylkeskommune	Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, USN, KS, Sjukehuset Telemark HF, Statsforvaltaren, opplæringskontor, relevante utdanningsmiljø og fagmiljø, Kompetansenettverket	2026-2028
4	Fagopplæring på arbeidsplassen	Vest-Telemarkrådet, pilotkommunane, Telemark fylkeskommune	Kommunalsjefar helse og oppvekst, TFK, USN, NAV, UDIR, NHO, opplæringskontor (OKOS), Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, fagforeiningar, vidaregåande skular, nasjonale fagmiljø som Aldring og helse	2026-2028

Tabell 3

Arbeidet med delmål 3 samarbeider med kompetansenettverket for Vest-Telemark i Telemark fylkeskommune.

Tiltak 1

Synleggjering av karrieremoglegheiter innan helse, omsorg og oppvekst

Utfordring

Det er behov for å synleggjere breidda av karrieremoglegheiter innan helse- og oppvekstsektoren. Dette gjeld både for ungdom på terskelen til arbeidslivet og for vaksne med erfaring frå andre yrke. Kompetansemangel og rekrutteringsutfordringar heng saman med nedgang i folketallet og demografiske utfordringar i regionen. Saman med bustadmangel gjer dette det vanskeleg å få folk til å flytte til, og bli buande i, kommunane. Tiltaket må sjåast i samanheng med delmål 1 (fleire eigna bustadar i Vest-Telemark).

Skildring av tiltaket

Tiltaket skal tilpassast ulike målgrupper og brukast på relevante arenaer. For ungdom er målet å inspirere til å velje ei karriere innan helse eller oppvekst. For vaksne handlar det om å auke medvit og leggje til rette for vidareutdanning og fagleg utvikling.

Innsats retta mot ungdom:

- **Gjesteforelesingar:** Yrkesaktive frå sektoren blir invitert til å presentere sine erfaringar på skular og studiestader.
- **Praksisplassar:** Samarbeid mellom skular og velferdstenester for å tilby elevpraksis.

- **Karriererettleiing:** Oppdatert informasjon om yrkesval, arbeidsmarknad og lønsvilkår.
- **Arbeidsplassbesøk:** Besøk til verksemder i helse og oppvekst for å gi innblikk i kvardagen.

Innsats retta mot vaksne og etablerte arbeidstakarar:

- Auke medvitet om karrieremoglegheiter og vidareutdanning.
- Synleggjere faglege utviklingsløp og spesialisering.
- Trekke inn erfaringar frå sektorar/regionar med vellykka utdanningsmodellar.

Samarbeid med aktørar som kan bidra til å synleggjere faglege utviklingsløp og spennande karrieremoglegheiter i distriktskommunane.

Kven bidreg – og korleis?

Tiltaket krev samarbeid mellom aktørar med ansvar for utdanning, helse, oppvekst og samfunnsutvikling. Partane skal identifisere og vidareutvikle kunnskap om lokale kompetansebehov og gjennomføre kartleggingar av kva som fremjar eller hemmar rekruttering og vidareutdanning.

Samarbeidspartnarane omfattar Telemark fylkeskommune, Sjukehuset Telemark HF, USN, KS, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal og pilotkommunane. Dei bidreg med fagkompetanse, utdanningstilbod, praksisplassar, rådgiving og lokal tilrettelegging

Tiltak 2

Utvikle tilpassa kompetanseløp for flyktningar og arbeidsinnvandrarar

Utfordring

Etter Russlands fullskalainvasjon av Ukraina har rekrutteringsgrunnlaget i distrikta endra seg. Over 72 000 ukrainarar har søkt asyl i Noreg sidan 2022. I mange kommunar har dette vore avgjerande for å oppretthalde folketalet og dekke behovet for arbeidskraft. Likevel viser tal frå SSB (januar 2024) at berre éin av fem ukrainarar i arbeidsfør alder (20–66 år) er i jobb. Samstundes kjem det òg mange arbeidsinnvandrarar til regionen med behov for kvalifisering og språkopplæring. For å møte dette potensialet ønskjer ein å utvikle kompetanseløp retta mot sektorar med stort behov for arbeidskraft, som helse og oppvekst.

Skildring av tiltaket

Tiltaket skal bidra til meir målretta og praktisk retta kvalifiseringsløp for personar med annan språkbakgrunn – både flyktningar og arbeidsinnvandrarar frå fleire land med relevant erfaring, men som manglar språkferdigheiter eller godkjend utdanning. Målet er å tilby språkopplæring, fagleg påfyll og praksis knytt til helse- og oppvekstsektoren.

Tiltaket omfattar tre hovudaktivitetar:

- **Kompetansekartlegging:** Lokalt forankra kartlegging i kvar kommune basert på tilgjengelege data frå introduksjonsprogram og NAV. Målet er å identifisere ubrukte ressursar og kompetansegap.
- **Identifisering av kompetansegap:** Vurdere avvik mellom kompetansen i målgruppa og krav frå arbeidsgjevarar. Dette blir grunnlag for etterutdanning, kurs og sertifiseringar.
- **Pilotkompetanseløp:** Utvikle og teste eit kvalifiseringsprogram for utanlandske sjukepleiarar i samarbeid med utdanningsinstitusjonar. Programmet skal inkludere fagleg innhald, språkopplæring og praksis. Modellen skal kunne tilpassast andre yrkesgrupper.

Kven bidreg – og korleis?

Tiltaket krev breitt samarbeid mellom kommunar, utdanningsinstitusjonar, næringsliv og statlege aktørar. Samarbeidspartnarane omfattar kommunane, Telemark fylkeskommune, USN, NAV, IMDi, KS, Statsforvaltaren, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal og private og frivillige aktørar. Dei bidreg med utdanning, rettleiing, praksis, koordinering og tiltak for integrering og kvalifisering.

Tiltak 3

Fagutviklingstillingar

Utfordring

Fagleg utvikling er avgjerande for å oppretthalde motivasjon, trivsel og fagleg kvalitet i helse- og oppvekstsektoren. Dette gjeld særleg for erfarne arbeidstakarar, som ofte har få tilbod om vidareutdanning og spesialisering. Samtidig peikar fleire kommunar i Vest-Telemark på eit uutnytta potensial i å bruke fagutviklingsstillingar som eit strategisk verkemiddel for å styrkje kvalitet, rekruttering og stabilitet i tenestene.

Fagutviklingsstillingar kan gi fleire gevinstar for kommunane: Dei fremjar rekruttering og stabilitet ved å tilby fagleg utvikling og karrieremoglegheiter utan krav om leiaransvar. Samstundes bidreg dei til høgare kvalitet i tenestene gjennom innføring av ny kunnskap og metodar, og styrkjer fagmiljøa ved å synleggjere kommunen som ein lærande arbeidsplass. Stillingane kan også fungere som mentorar for nyttilsette, omsetje forskning til praksis, og avlaste leiarar ved å ta ansvar for fagleg innhald i opplæring og utvikling. Fagutviklarar kan dessutan rette innsatsen mot viktige tema som demografi, velferdsteknologi og særskilde brukargrupper, og slik sikre meir målretta og framtidsretta fagleg arbeid.

Skildring av tiltaket

Tiltaket skal vidareutvikle og systematisere bruken av fagutviklingsstillingar i helse og oppvekst i Vest-Telemark. Arbeidet blir delt i fire fasar:

1. **Kartlegging:** Status for dagens stillingar og framtidige kompetansebehov skal avklarast i dialog med kommunar og fagmiljø.
2. **Utvikling:** Det blir utarbeidd ein felles modell for fagutviklingsstillingar, med tydelege ansvarsområde og utviklingsløp. Samtidig blir interkommunale løysingar vurdert og det kan bli etablert eit regionalt nettverk.
3. **Pilotering:** Eit utval kommunar prøver ut modellen. Fagutviklarar blir tilsett og får støtte i arbeidet.
4. **Evaluering og vidareføring:** Erfaringar blir samla inn og brukt til å justere modellen før vidare spreiding i regionen og deling nasjonalt.

Kven bidreg – og korleis?

Tiltaket krev breitt samarbeid mellom kommunar, regionale og statlege aktørar.

Samarbeidspartnarane omfattar kommunane, Vest-Telemarkrådet, Telemark fylkeskommune, USN, KS, Statsforvaltaren og Studie- og utdanningssenteret i Nissedal. Dei bidreg med lokal oppfølging, regional koordinering, utdanningstilbod, fagutvikling og nasjonal forankring.

Tiltak 4

Fagopplæring på arbeidsplassen

Utfordring

Mange tilsette i helse- og oppvekstsektoren manglar formell fagutdanning. Samtidig finst det eit stort potensial for kompetanseheving gjennom opplæring på arbeidsplassen. Ordninga *Fagbrev på jobb*, som blir forvalta av Telemark fylkeskommune, gir ein strukturert veg til fagbrev for vaksne i arbeid, og bør nyttast aktivt i regionen.

Skildring av tiltaket

Fagopplæring på arbeidsplassen er eit viktig verkemiddel for å utvikle kompetanse lokalt og styrke tenestene innan helse og oppvekst. Ved å satse på vidareutdanning for tilsette utan formell fagkompetanse, kan kommunane redusere gjennomtrekk og innleige av ekstern kompetanse, samstundes som dei gir tilsette høve til utvikling og fagleg meistring.

Tiltaket skal støtte kommunane i å byggje opp eigen kompetanse tilpassa lokale behov. Dette gir meir robuste fagmiljø og høgare kvalitet i tenestene, samtidig som det styrkjer kommunen som arbeidsgjevar. Erfaringar viser at fagopplæring aukar trivsel, reduserer sjukefråvær og bidreg til betre brukaropplevingar.

Tiltaket byggjer på følgjande hovudelement:

Det skal gjennomførast realkompetansevurdering for å anerkjenne tilsette si erfaring og tilpasse opplæringa til individuelle behov. Kommunane skal utvikle fleksible og praksisnære opplæringsløp, gjerne i samarbeid med opplæringskontor og utdanningsinstitusjonar.

Modulbasert utdanning gir høve til å kombinere jobb og opplæring, og systematisk

kompetanseheving skal integrerast i arbeidskvarden. Mentorordningar og fagutviklingsstillingar skal bidra med støtte og rettleiing. For å senke terskelen for deltaking, bør kommunane tilby økonomisk tilrettelegging og god informasjon om moglegheiter og støtteordningar.

Kven bidreg – og korleis?

Tiltaket krev samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, Opplæringskontoret for offentleg sektor (OKOS) Telemark, vidaregåande skular, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, arbeidstakarorganisasjonar og nasjonale fagmiljø. Partnerane bidreg med rekruttering, opplæring, rettleiing, fagleg innhald og lokal oppfølging.

4. Organisering


Piloten har hovudansvar for å utarbeide og følgje opp handlingsplanen i samarbeid med namngjevne partnerar for kvart delmål. Partane skal bli samde om innhald og arbeidsdeling. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har fått ansvar for overordna koordinering av arbeidet med å følgje opp avtala i Vest-Telemark. Dei skal legge til rette for å sjå piloten sitt arbeid i størst mogleg samanheng der det er hensiktsmessig.

Telemark fylkeskommune skal vera ein ressurs for bygdevekestpiloten i arbeidet med handlingsplanar. Fylkeskommunen skal bidra med fagleg rettleiing og ressursar der det samsvarar med vedtekne prioriteringar.

Husbanken har ansvar for å koordinere arbeidet med oppfølging i og på tvers av bygdevekstavtala under delmålet *fleire eigna bustader i Vest-Telemark*.

Distriktssenteret har sagt seg viljug til å bidra med kunnskapsoverføring, prosess-støtte, rettleiing og tilrettelegging for læring overfor og på tvers av pilotane. Distriktssenteret sitt bidrag blir konkretisert i dialog med bygdevekestpiloten og blir tilpassa Distriktssenteret sine ressursar. Dette skjer gjennom arbeidet med dei årlege handlingsplanane.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Husbanken og Distriktssenteret har delteke i samskriving av handlingsplanen saman med Léva by- og bygdeutvikling (tidl. Léva Urban Design).



Figur 1

5. Lokal og regional forankring

Handlingsplanen er framlegg frå styringsgruppa. Handlingsplanen blir forankra politisk lokalt i alle dei seks Vest-Telemarkkommunane og i Telemark fylkeskommune.

6. Fordeling av budsjett for heile avtaleperioden (statleg medfinansiering)

	Delmål	Total-budsjett	2025	2026	2027	2028
1	Fleire eigna bustader i Vest-Telemark	10 800 000*	500 000	5 000 000	4 000 000	1 300 000
2	Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor	3 600 000	0	2 000 000	1 200 000	400 000
3	Meir kompetanse innan helse og oppvekst	3 600 000	200 000	2 000 000	1 000 000	400 000
4	Prosjektleiing	4 000 000	900 000	2 100 000	750 000	250 000
	SUM	22 000 000	1800 000	11 100 000	6 950 000	2 350 000

*Vest-Telemark prioriterer delmål 1 med 60 % og 20 % på kvar av dei to andre delmåla av 18 mill. Det kan bli endringar i fordeling pr år.

7. Samla budsjett og finansiering for 2026

	Delmål	Tiltak	Budsjett	Total- budsjett	Finansieringskilder					
					KDD 13.50 post 66	Kommunal eigendel	Fylkes- kommunen	Statsforvaltar	Offentlege tilskotsordningar	Anna
1	Fleire eigna bustader i Vest-Telemark (60 %)	Innsiktsarbeid og kartlegging	200 000	5 000 000	4 900 000	100 000				
		Risikoreduserande tiltak	2 550 000							
		Pilot «Gøtt nøkk»	2 000 000							
		Kompetanse-sirkel	50 000							
		Vandrande bygdevekst-seminar	200 000							
		Interkommunal bustadutviklar	0							
2	Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor	SMB-utvikling	700 000	2 000 000	1 600 000	100 000				
		Verkemiddelapparatet	800 000							
		Nettverks- og klyngeutvikling	0							
		Grøn region Vest-Telemark	500 000						300 000	
3	Meir kompetanse innan helse og oppvekst	Synleggjering av karrieremoglegheiter	500 000	2 000 000	1 900 000	100 000				
		Kompetanseløp for flyktningar	500 000							
		Fagutviklingsstillingar	500 000							
		Fagopplæring på arbeidsplassen	500 000							
4	Prosjektleiing			2 100 000	2 100 000					
	SUM			11 100 000	10 500 000	300 000			300 000	

8. Handlingsplanen er godkjent av

Politisk sak i alle kommunestyra desse datoane:

Samarbeidspart	Dato for (politisk) godkjenning
Fyresdal kommune	19. 02.2026
Kviteseid kommune	12.02.2026
Nissedal kommune	22.01.2026
Seljord kommune	19.02.2026
Tokke kommune	10.02.2026
Vinje kommune	24.02.2026
Telemark fylkeskommune – fylkesutvalet	29.04.2026